

## Saksprotokoll

### Arrangementsfondet- Forutsigbarheit for arrangementa

---

Arkivsak-dok. 19/00587  
Saksbehandler Kristian Kvistad Holm

---

<b>Behandlet av</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
1 Næringsstyret	22.03.2019	5/19

---

#### Rådmannen si innstilling:

- Næringsstyret gir rådmann i oppgave å handsame årets søknader til arrangementsfondet etter fylgjande modell:

<b>TILSKUDDÅR 2019</b>	
<b>SØKER</b>	<b>TILSAGN</b>
Sundreball	40 000
Ål Alpin, Bendit	30 000
Vats Vegas	30 000
Leveld Teaterlag	40 000
Crossoverfestival Styrkestad, Øvre-Ål	20 000
Hillbilly Høkk	40 000
<b>SUM</b>	<b>200 000</b>

- Næringsstyret ber formannskapet ta stilling til om delar av midlar avsatt til arrangementsfondet skal forfordelast med fastsatt sum for dei etablerte arrangementa i budsjettet framover.
- Næringsstyret ber formannskapet i handsaming av revidert kommunebudsjett sette av 100 000 NOK i auka ramme for arrangementsfondet slik at ein har midlar til disposisjon for å kunne hjelpe Ål Handelsforeining med å gjennomføre årets arrangement.
- Næringsstyret ber formannskapet legge inn ei føring/praksis om at dei fire idrettsarrangementa skal behandlast likt.
  - Alternativ 1: Det vert ikkje gjeve tilskot til opningsarrangementa til idrettsarrangementa.
  - Alternativ 2: Alle dei fire etablerte idrettsarrangementat vert gitt ein fast sum kvar til å gjennomføre opningsarrangement på Sundre. Det er ein føresetnad at desse arrangementa følger retningslinene for arrangementsfondet. Denne summen vert fastsett i den ordinær budsjettprosessen.

#### Næringsstyret har behandla saka i møte 22.03.2019 sak 5/19

#### Behandling

Morten Gjeldokk var ugild i handsaming av saka då han sit i organisasjonskomiteen til Sundreball. Det var difor fire røysteføre då det ikkje var kalla inn vara.

Saka vart diskutert. Det vart jobba fram eit omforeint forslag til vedtak der det vart gjort nokon endringar i rådmannen si innstilling. Kulepunkt to og tre frå innstillinga vart skrive om. Kulepunkt fire vart fjerna. Det vart stemt over det omforeinte forslaget.

### Votering

Samrøystes

### Vedtak

- Næringsstyret gir rådmann i oppgåve å handsame årets søknader til arrangementsfondet etter fylgjande modell:

<b>TILSKUDDSÅR 2019</b>	
<b>SØKER</b>	<b>TILSAGN</b>
Sundreball	40 000
Ål Alpin, Bendit	30 000
Vats Vegas	30 000
Leveld Teaterlag	40 000
Crossoverfestival Styrkestad, Øvre-Ål	20 000
Hillbilly Høkk	40 000
<b>SUM</b>	<b>200 000</b>

- Næringsstyret har forståing for at alle etablerte arrangement treng forutsigbarheit, og sett av ein sum til desse arrangementa.
- Næringsstyret ber rådmannen om å førebu ei sak til formannskapet si handsaming av revidert budsjett, der ein ber om ei ekstraløyving for å støtte Ål handelsforeining i deira økonomiske utfordringar for 2019.